




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ørsta vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	5
2.1 Organisasjonen	5
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	6
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	7
3. Læringsmiljø	9
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	9
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	9
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	11
4. Skoleårsresultat	12
4.1 Fullført og bestått - skoleårgjennomføring	12
4.2 Karaktersnitt	14
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	16
4.5 Overgangar	17
5. Leiing og profesjonsutvikling	18

1. Rektor har ordet

Ørsta vidaregåande skule har (skuleåret 2022/23) 310 elevar i ein rein yrkesfagsskule. Vi som arbeider på skulen ønskjer at elevane skal oppleve å meistre fagutdanninga si gjennom praktiske aktivitetar og utforskande tilnærming. I samarbeid med lokalt næringsliv og offentlege verksemder legg vi til rette for lærelyst og at opplæringa for alle elevane skal opplevast med ei praksisretta tilnærming som er relevant i høve til arbeidslivet behov om yrkesfagleg kompetanse.

Vi lever i eit globalisert samfunn og har ei stort fokus på samarbeid mot arbeidslivet, også internasjonalt. Skuleåret 22-23 har vi lukkast reetablere tidlegare internasjonalt samarbeid, etter at samfunnet har opna opp igjen. Det har vore godt å møte igjen samarbeidspartnarar vi har gjennom Erasmus+ programmet, og andre lokale samarbeidsaktørar som er med på å auke kvaliteten i utdanningane våre.

Alle tilsette ved Ørsta vidaregåande skule har eit sterkt fokus på å bidra til at alle elevar får eit godt læringsmiljø og å fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifisert for arbeidsliv og utdanning. Gjennom eit godt samarbeid med kommunane i vår inntaksregion, prøver vi å lage gode overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande skule slik at elevar og foreldre er best mogleg budd på skolestart og den skulekvardagen dei møter hos oss.

Å vere «tett på» er viktig, dette gjeld både å vere tett på eleven, og gje god individuell tilpassing. Dette er lærarane våre gode på. Skuleåret 22-23 har vi utvikla ein modell med fag- og karrierekoordinatorar som også gjer at vi får ei pedagogisk leiing tett på fagmiljø og elevar. I tillegg har vi også sterkt fokus på å vere tett på eksterne samarbeids- partnarar, både arbeidsliv knytt til programområda våre, men også til dømes gjennom å vere tett på kommunen, og der vi samarbeider i høve elevtenester som helsesjukepleiar og fysioterapi. Generelt ser vi at arbeidet ber frukter, skulen har gode resultat både på elevtrivsel, men også gjennomføring.

Økonomien ved skulen er krevjande, og det må også vidare ha eit sterkt fokus på å få kontroll på denne. Både tilsette, tillitsvalde og leiing er bekymra for konsekvensen utviklinga i økonomien vil få for kvaliteten på opplæringa til elevane og høve til å kunne skape dei gode læringsøktene som ein veit må til for å lukkast med å førebu seg for eit yrkesliv.

Roger A. Fylling

Rektor

Skulen sin Handlingsplan tek utgangspunkt i både Oppdragsavtalen og det som skulen sine organ opplever som viktig.



Handlingsplan for skulen i perioden 2022 – 2023

Overordna dokument: Handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i *Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal for perioden 2022-2026*. Prioriteringar i oppdragsavtale for Ørsta vgs for skuleåra 2022/23-23/24. Visjonen til skulen, mål og verdiar.

HOVUDMÅL 2022 – 2024: AUKA GJENNOMFØRING over 90 %

VILKÅR FOR LÆRING
Frå RELASJONSKOMPETANSE til leing
VURDERING FOR LÆRING
ORGANISASJONSKULTUR, nye Ørsta vgs.

Kvalitetsområde: Læringsmiljø	
UTVIKLINGSMÅL	TILTAK
Handlar om opplæringsverksemda sine indre aktiviteter i arbeidet med opplæringa, innhald og arbeidsmåtar i opplæringa, vurderingspraksis og lærarane sin kompetanse. Dette området omfattar og tryggleik, inkluderings og trivsel.	
På Ørsta vgs. har vi nulltoleranse mot mobbing.	Ingen elev skal falle utanfor på grunn av mobbing i skuletida. Tiltak: VIP- makkerskap, VIP – psykisk helse, utvida eleveneste, sosiale aktiviteter som fjelldag og skidag, leing tett på/klasseleing.
På Ørsta vgs. opplever elevane tydeleg klasseleing med fokus på fagleg og sosial utvikling. Innføring av nytt læreplanverk, Fagfornynging og VIS, Visma In School	Bruke klasseleing til å skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere til arbeidsinnsats. Nytt felles utarbeida Vilkår for læring i alle læringsøktar. Nytt kompetansepakkar for profesjonsutvikling frå Udir og VIS opplæring både for tilsette og elevar i løpet av den første tida av skulestart.
På Ørsta vgs har vi pedagogisk personale som motivere og støttar elevane i faga. Vi skal vidareutvikle vurderingspraksis som fremmar lærelyst og læring. Elevane skal gjennom arbeidet med elevdemokrati og elev-medverknad lyttast til og dei skal ha reell innverknad i skulekvardagen. Medlemmar i elevrådet, skal ha ei opplæring i elevrådsarbeid tidleg i skuleåret.	Vidareutvikle vurderingspraksis jf. ny vurderingsforskrift. Retningsgivande i det daglege læring- og underyegsvurderingsarbeid skal dei fire læringsfremjande prinsippa: 1. Delta i vurdering av eige arbeid og reflektere over eiga læring og faglege utvikling 2. Forstå kva dei skal lære og kva som vert venta av dei 3. Få vite kva dei meistrar 4. Få rettleiing om korleis dei kan arbeide vidare for å auke kompetansen sin. Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid. Elevrådet og leinga skal ha faste møte minst 6 per år.



På Ørsta vgs har ein høve til å søke om deltaking i internasjonale utvekslingsordningar.	Næringslivet i Møre og Romsdal har eit internasjonalt fokus. Vi skal nytte DUKU (HKKdir) og ev. andre ordningar for auke språkleg og kulturell forståing. Skulen skal drive skuleutvikling gjennom internasjonalisering
Det skal arbeidast for å auke digital kompetanse og dømmekraft på ein systematisk og målretta måte for å møte endringane i samfunn og arbeidsliv.	Utfordre og kompetanseheve profesjonsfellesskapet til å verte av dei fremste yrkesfagskulane i fylket på digital kompetanse. Nytt m.a. OneNote og Teams som verktøy for elev og tilsette.
Kvalitetsområde: Læringsresultat	
UTVIKLINGSMÅL	TILTAK
Handlar om læringsutbytte sett opp mot måla for opplæringa.	
Undervisninga i fag skal skape læresult, vere relevant for elevane og framtidige lærings kompetansebehov.	Skolen skal arbeide vidare med å implementere metodikken frå FYR-satsinga (FYR - fellesfag, yrkesretting og relevans) for relevans i faga i samsvar med læreplanane. Arbeide aktivt med relevans i både fellesfag og programfag. Så langt det er råd skal dette skjle i samspel med næringslivet.
Kvalitetsområde: Gjennomføring	
UTVIKLINGSMÅL	TILTAK
Omfattar både rettleiing i utdanningsval, tilgang på relevante skole- og opplæringsplassar, overgangar mellom nivå, og fullføring av opplæringa med bestått resultat.	
Minst 80 % av elevane som fullfører vg2 har søkt læreplass eller vg3.	Samarbeid med lærebedrifter og opplæringskontor om overgangen mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift. Nytt faget YFF for fleire læreplassar.
Vi har ein gjennomføringsprosent på minst 90 % på alle årstrinn med fullført og bestått	Samordne nettværksarbeid med NAV, PPT, kommune og OT, for elevar med særskilte behov for oppfølging. Dialogmøte PPT, NAV, rådgivarar v/alle U-skular og oppvekstsjef. Utvida eleveneste.


Kvalitetsområde: Leing og profesjonsutvikling	
UTVIKLINGSMÅL	TILTAK
Handlar om pedagogisk og fagleg leiarskap og utvikling av kompetanse i eit profesjonsfagleg fellesskap.	
Vi kartlegger utviklingsbehov gjennom kompetanse- og rekrutteringssjekkjen. Vi har arenaer for kompetanse-spreing og utvikling.	Oppretting av internskulering Ørsta vgs (ISØ) med tilbod og obligatorisk kompetanseheving. Deling av kompetanse i team og fellesmøtearena. Vi nyttar prinsipp frå Klart leiarskap i dialog og kartlegging.
Nye medarbeidar ved Ørsta vgs. skal delta i introduksjonsprogram for nyttilsette. Alle tilsette har med-arbeidar- og utviklings samtalar minst ein gong pr. år.	Med støtte i sjekkliste for «Introduksjonsprogram for nyttilsette» og «Rettleiar for medarbeidar utviklingssamtale» Pedagogisk vegvisar.
Saman med næringsliv og offentleg sektor arbeider vi for å etablierte til rette for fleire læreplassar, slik at dei som søker, kan få lærekontrakt eller opplærings-kontrakt innanfor lære kandidat ordninga.	Etablering av nye intensjons- og samarbeidsavtalar jf. Samfunnskontrakten. Kvar avdeling arbeider innanfor sine fagområder.
Ørsta vgs. legg vekt på arbeidsformer som utviklar entreprenørskaps- haldningar i helle grunnopplæringa gjennom «Ungt Entreprenørskap» med Ungdomsbedrifter og Innovasjonscamp	Skape forståing for verdikaping og nyskaping i næringslivet. Etablere endringskompetanse hos elevane og evne til å sjå nye moglegheiter og løysingar både for seg sjølv og omverda. Gje elevane ei forståing for og kunnskap om etikk og reglar i nærings- og arbeidslivet.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	52
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	15

Leiinga ved skulen består 2022–2023 av rektor, assisterande rektor, 3 avdelingsleiarar. I tillegg har vi også 6 fagkoordinatorar på dei ulike programområda. Skulen har ein driftsstab på 6 personar innafor administrasjon og reinhald. Det pedagogiske personalet består av 5 lektorar, 42 adjunktar, 24 lærarar, 9 elevassistentar- fagarbeidarar. Av personalet er det 45% menn og 55% kvinner.



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Teknologi- og industrifag	63	38		101
Restaurant- og matfag	9	9		18
Helse- og oppvekstfag	55	47		102
Bygg- og anleggsteknikk	15	25		40
Elektro og datateknologi	33	24	11	68
Total	156	143	11	310

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	27
---	----

Bygg og anleggsteknikk: 1 klasse på vg1 og 2 klasser vg 2. Noko nedgang i søkertala frå forrige år til vg1 men ei klar auke til vg2 og klar auke med jenter til programområdet dei siste åra.

Elektrofag: Elevtalet er stabilt med ei viss auke i søknader til vg1. Skulen hadde 3 klasser på vg1 og 1 klasse på samtlege vg2 tilbod. Elenergi, Automatisering og 1 klasse på vg3 Automatiseringsfaget.

Helse- og oppvekstfag: Svært god og ei auke til søking til vg1. 4 klasser. På vg2 har skulen 1 Helseservicefag, 1 Barn- og ungdomsarbeidarfag, og 1 Helsearbeidarfag.

Restaurant- og matfag: 1 klasse på vg1 og 1 klasse på vg2 Kokkefag. Elevtalet er stabilt over fleire år.

Teknikk- og industriell produksjon: God søking, men ein liten nedgang på industriteknologi og kjøretøy på vg2. Utviklande søkertal til arbeidsmaskiner. Skulen hadde 4 klasser vg1. 1 klasse på Kjøretøy, 1 klasse på Industriteknologi og 1 klasse på Arbeidsmaskiner.

2.3 Inntak vg1 – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	4,5%	7,4%	2,9%
0 - 25	1,7%	1,6%	1,3%
25 - 30	5,8%	8,0%	3,8%
30 - 35	16,2%	15,4%	9,6%
35 - 40	22,3%	21,5%	15,2%
40 - 45	26,1%	27,3%	22,4%
45 - 50	16,8%	13,5%	23,3%
Over 50	6,5%	5,1%	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ørsta vgs	36,4	36,7	38,3	39,7	39,2
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som det går fram av tabellen over ligg karakterpoengsum i ein positiv trend over tid. Skulen har ein stor del av elevar som har med seg ein lågare karakterpoengsum frå ungdomskule til ei yrkesfagleg utdanning. Vi er ein yrkesfagleg skule som også skal rekruttere elevar som opplever at den teoretiske vektlegginga dei opplever på ungdomsskulen ikkje har vore motiverande, det er difor viktig at det ikkje vert for vanskeleg kome inn på programma våre. På enkelte programområde, til dømes Teknologi- og industrifag, har det blitt vanskelegare å kome inn siste åra. Industrien har store behov og ungdommen søker seg til desse programområda. Vi har fått høve til å opprette fleire klasser slik at fleire elevar får sine førsteønske oppfylt. Ein del av inntatte

elevar har svært dårleg norskkunnskapar. Dette kan verte krevjande, særleg når ein skal få på plass eit «fagspråk» eller snakke med kundar/brukarar. Det eit hardt arbeidande team rundt eleven likevel får til på Ørsta vgs. er at skulen er ein av dei skulane som løftar elevane mest frå det dei hadde med seg frå ungdomskulen og til dei går ut vg2 med oss.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Generelt leverer skulen stabilt godt på undersøkinga. Likevel kan vi verte betre på Elevmedverknad. Der har skulen eit gap innad i organisasjonen. Skulen vil også arbeide vidare mot ei nullgrense kring mobbing og styrke arbeidet med fagleg utfordring. Skulen presterer godt på meistring, som og er særst sentralt tema for skulen gjennom vår visjon: «Meistring skjer gjennom Aktivitet og Utforsking». Tala er uforandra frå førre måling. Skulen har jamt over gode resultat på trivsel. Elevane trivs på skulen. Vi har vil arbeide målrette med tiltak som vi ser har effekt for å få alle programområde grøne. Vi har ei svak positiv utvikling innom rommet «grønt». Skulen har gode resultat, men skal arbeide for å få løfta læringskulturen på dei programområda som ikkje endå er «grøne». Skulen har gode resultat på vurderingspraksis. Vi arbeider tett opp mot forskning og fagfornyinga kring det å sjå ein raud tråd i undervegvurdering, profesjonskompetansen, vurdering i fag opp mot kva eleven skal verte. Skulen trur at vår DeKomp-prosjekt skal få oss til å løfte vidare på dette måltalet. Skulen ligg godt over snittet i fylket. For skuleåret 2022-23 starta vi arbeidet med å kartlegge og sette opp mål for den digitale kompetansen ved skulen. Både tilsette og elevar har behov, dog ulike om kompetansepåfyll eller erverve ny digital kompetanse. Vi vil fortsette dette arbeidet utover i neste skuleår.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	4

Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	1
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Frå MRFK strategi for kvalitet gjennom oppdragsavtale og handlingsplan arbeider skulen aktivt med områder der ein ser utviklingspotensialet størst. Elevmedverknad og demokrati, har sett det i ulike programområde eller klasser har score lågare enn forventa. Elevane har på same måte blitt involvert i eige læringsarbeid i klasser der dette har vore mangel. Skulen scorar godt på både trivsel, støtte frå lærar og meistring. Resultata frå elevundersøka gir oss gode tilbakemeldingar på arbeidet som er nedlagt. Kontaktlærar, faglærar og ei elevteneste som er tett på eleven er medverkande årsaker til desse gode resultata. Skulen har fatta 2 skriftlege planar med bakgrunn i aktivitetsplikta jf. § 9A-4 i opplæringslova. Fleire programområde har dette året hatt fokus på fagets relevans, med bakteppe på kva eleven skal verte.

Ein del forskning kan dokumentere at det er ein fare for at gutar kan ha lågare leseforståing og det derfor kan ha vanskar med å lukkast i vidaregåande skule. Difor arbeider vi med å styrke pedagogtettheita, først med norsklærarar og deretter andre fellesfaglærarar for å rette merksemda på leseforståing og å kunne uttrykkje seg skrifteleg både på norsk og programområdets fagspråk. Skulen er og kjend med at matematikk kunnskapane til gutar i nokre programområde er lågare enn snittet for skulen. Vi arbeider derfor systemretta både med leseforståing opp mot programfag, men også opp mot matematikk. Fleire programområde gjer seg synlege med lågare meistring. Skulen har ikkje fatta vedtak med bakgrunn i § 9A-7.

Vi har for skuleåret 22/23 fortsett med arbeidet på at elevane skal oppleve vilkår for læring, fagleg og sosial utvikling. Frå handlingsplanen til skulen ser ein at vi har arbeid mykje med å bruke klasseleiing til å skape eit positivt klima, og motivere til lærelyst. Vi har tru på å nytte relasjonskompetanse som plattform for eit godt skule og arbeidsmiljø. Skulen har vidare som kvalitetskjenneiteikn at elevane skal oppleve at dei får vurdering for læring og tilbakemeldingar som fremjar motivasjon for

læring. Skulen har brukt mykje tid på å tilpasse opplæringa for den einskilde elev - "alle elevar ved Ørsta vidaregåande skule er heldige med læraren sin"

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	5
Møter i skolemiljøutval	4
Møter i skoleutval	2

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Skulen har gode resultat på vurdering for læring. Vi arbeider tett opp mot forskning og fagfornyninga kring det å sjå ein raud tråd i undervegsvurdering, profesjonskompetansen, vurdering i fag opp mot kva eleven skal verte. Skulen har ein god høg score på elevmedverknad. Vi har og siste år(a) ei særskilt merksam på endringane om meir involvering og medbestemming kring tilpassa læring og vurdering. Elevane fortel at vi lukkast med ei relevant, variert og praktisk opplæring samt felles regelhandtering jf. medbestemming kring klassane sine eigen samspelsreglar.

Elevrådet og styret har hatt møter sjeldnare enn ein gong per måned. Det er enten styremøte eller stormøte for alle tillitsvalte elevar. Elevrådstyreløiar er og invitert på saker som vedkjem elevane i arbeidsmiljøutvalet for å få eit endå breiare blikk på skulen sitt arbeid med arbeidsmiljø, medbestemming og skulemiljøtiltak. Skulen arbeider systematisk med 9A saker både gjennom elevtillitsvalte skolering og føresettemøter samt at ein fremjar medverknad til eit godt skulemiljø. Det er god elevmedverknad på skulen. Likevel ser vi at der er rom jf. ny vurderingsforskrift å løfte oss ytterlegare. Det forventar vi å sjå resultat på kommande skuleår. Skolen arbeider systematisk frå både

elevteneste med tverrfaglege samarbeid med kommune og statlege tenester. Sosialt treff og VIP, VIP-makker som tiltak for læringsmiljøet.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	86,2%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
BA	100%	100%		100%
TP	89,8%	97,2%		92,9%
HS	77,6%	86,7%		81,6%
EL	71,4%	72,7%	95,7%	79,7%
RM	62,5%	85,7%		73,3%
Total				86,2%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ørsta vgs	80,8%	85,5%	90,4%	88,3%	86,5%
Fylket	87,9%	91,2%	91,7%	89,6%	88,2%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Sjølv om vi har ein liten nedgang frå 21/22, er gjennomføringa på yrkesfagleg vidaregåande utdanning ved vår skule særst god. Landsgjennomsnittet for gjennomføring på yrkesfaglege skular ligg nærare 69 %. Det vi undrar oss over i lag er kva som må til for å få betre gjennomføring på vg2 og vg3. Vi arbeider med saka. Vi har 10 elevar som har fullført og ikkje bestått (I), med rett til ny, utsett eller særskilt eksamen (NUS).

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
BA	4,62
HS	4,23
TP	3,94
EL	3,92
RM	3,56

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ørsta vgs	3,94	4,0	4,19	4,20	4,1
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Trenden over tid er at karaktersnittet dei siste fem åra har vore rimeleg stabilt stigande.

Det er å legge merke til at det programområde med høgast karaktersnitt er Bygg og anleggsteknikk, medan det tradisjonelt har vore Elektrofag som har hatt det høgste snittet.

I tillegg er det slik at Ørsta vgs. er ein av dei skulane som løftar elevane mest frå det dei hadde med seg frå ungdomskulen og til dei går ut vg2 med oss.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt			
Vg1	10%	16,8%	7%
Vg2	6,4%	15,9%	5%
Vg3	10,3%	26,7%	8,2%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ørsta vgs	4,8%	3,4%	2,5%	3,7%	6,2%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei seinare åra er der arbeidt bevisst på å få elevane til både å møte opp, verte på skulen og bestå. Auka gjennomføring har vore ein raud tråd i skulen sitt arbeid. Ser ein dei siste fem åra, ligg skulen på totalfråvær under på det jamne, jamført med resten av fylket. Vi trur at med ei endå større merksemd på karriererådgeving om yrkesvala ungdommen gjer, kan dei treffe meir på vala sine, skuledagen vert meir spennande og motiverande til å møte opp til skule.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
3,2 %	10

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ørsta vgs	3,0%	5,9%	1,9%	3,8%	3,2%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen arbeider hardt med både lærarar og støtteteam for å få ned talet på elevar som sluttar. Likevel ser vi at nokre programområde har eit større omfang enn andre. Vi trur at med ei endå større merksemd på karriererådgeving om yrkesvala ungdommen gjer, kan dei treffe meir på vala sine. Det er likevel slik at om helsa ikkje strekker til dette året, vil det vere rett i blant å først få hjelp, for så å ta fatt på ei yrkesfagleg utdanning.

4.5 Overgangar

Ørsta har i fleire år hatt eigen karriere- og formidlingsrådgjevar ved skulen. I lag med vårt karriereteam arbeider ein saman med faglærar og YFF lærarar til eit dedikert team, og skaper seg dermed ei god oversikt og tett oppfølging på overgangar, til skulen, mellom vg1, vg2 og over lærling eller opplæringskontrakt.

Skulen har kvart år ca 10 % av elevmassen som tek repetisjon på same eller lågare nivå. Det er likevel eit faktum at ein skulle ønskje at ein yrkesfagleg vidaregåande skule kunne levere fleire elevar til næringsliv og over i lærekontraktar/opplæringskontrakt. Det er eit mål at fleire elevar går ut vg2 i lærekontrakt med mål om å ta eit fagbrev. Skulen har eit godt samarbeid med OT, og alle elevar vert godt ivareteken og i tiltak. Skulen har starta ein endå tettare dialog med næringslivet lokalt. Det går begge vegar, elevane kjenner ikkje til bedriftene utan att ein har god dialog, opnar opp skulen og inviterer næringslivet og bedriftene til å verte synlege i kvardagen og i den yrkesfaglege utdanninga til ungdommane. Elevane må verte kjent med bedriftene og bedriftene med elevane, medan dei er på skulen. Vi forsøker og å ha dialogmøte med rådgjevarar for ungdomskulane kvart år, for å skape gode overgangar og rettleie til å gjere vala til elevane så gode som mogleg.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skulen sin kompetanseutviklingsplan set merksemd på kvar skulen er om fem til ti år? Frå det vert arbeidet sett mot dei viktigaste satsingsområda frå forskning på undervisning, læring og formidling. Kompetanseplanen seier og noko om tverrfagleg samarbeid internt og eksternt. Skulen har god rekruttering inn til organisasjonen, det viktige vert å ivareta, utvikle og forme mot våre profesjonskulturar.

Skulen er organisert med 4,5 time pr. veke avsett til mellom anna drøfting av pedagogisk praksis på tvers av leiing og lærarkollegium til å styrke profesjonsfellesskapet. I tillegg har vi team arena der kvart avdeling kan gå i djupet med både evaluering av fagstoff, utvikling frå kompetansepakkar (udir) og at arbeidsmåtar kan utviklast på.

I denne perioden har skulen hatt få nyttilsette i kompetansehevingstiltak. 1 tilsett har i tidsrommet vore i kompetansetiltak med tilførte midlar til skulen innom PPU/Y. 1 lærar i vidareutdanning for lærarar. 2 lærarar er medlem i sine fag i fagleg råd. Skulen har dette året vore lite på kurs. Nokre få satsingar digitalt har vore innom læringsmiljø, fagspesifikke kurs, leiarutvikling topp og mellomleia. Dysleksikompetansehevande kurs, Monsiaden og digital kompetanse.

Skulen er pilotskule for DeKom leiarstøtte. Tittelen er **-Meistringsorientert leiarstøtte frå midten**. Utviklingsarbeidet skal bidra til å bygge berekraftige fagteam, der fokuset er skuleutvikling retta mot kjerneverksemda vår: sikre best mogleg kvalitet på den einskilde elev sitt læringsutbytte. Visjonen til skulen «Meistring gjennom aktivitet og utforsking» skal vere ledestjerne i arbeidet, i lag med overordna målsetting: auka gjennomføring. Prosjektet skal ha fokus både på individnivå og organisasjonsnivå.

Individnivå: den enkelte leiar skal oppleve seg som kompetent og trygg i rolla si med å leie læringsprosessar i profesjonsfellesskapet i avdelinga si.

Organisasjonsnivå: pedagogisk leiarsteam skal oppleve seg som eit

profesjonsfellesskap der alle bidreg til å gjere kvarandre gode, heiar på kvarandre og gir støtte og rettleiing der det trengs. Noko som igjen bidreg til auka meistringstru for den enkelte i teamet og læring og utvikling i dei ulike fagteama.

Prosjektdeltakarar er pedagogisk leiarteam ved skulen, totalt 10 deltakarar.

Prosessar skal skje gjennom organisatorisk læring i fellesskap med eksterne og interne rettleiarar, kombinert med og individuell trening og refleksjon. Høgskulen i Volda v/Magnar Hjertenæs er inne i partnerskap med oss gjennom DeKomp, og vi skal ha eit likeverdig og gjensidig læringsutbytte i utviklingsarbeidet. Prosjektet bygger på fleire organisasjonsforskarar og skuleforskarar. Vi nyttar mellom anna Leadership Pipeline konseptet av forskarane R. Charan, S. Drotter og J. Noel. Fokus her er **leiing på aktuelt nivå**, og kva dette medfører i høve tidsbruk, arbeidsverdiar og ferdigheiter. Vi bygger også på forskinga til Jan M. Paulsen i høve strategisk skuleleiing og tillitsbasert leiing. Innan skuleforskning nyttar vi m.a. Michael Fullan, Viviane Robinson og John Hattie. Målet er å sikre eit felles fundament, som utgangspunkt for å sikre eit felles språk og felles mentale modellar som utgangspunkt for å tolke og forstå ulike handlingsteoriar ute i avdelingane. Det siste om leiing på aktuelt nivå må dyrkast vidare og er heilt i si oppstartsfasen.

Å leie læraren si læring og utvikling er det forskning viser gir størst effekt på elevens læringsutbytte. Støtte til meistringorientert leiing frå midten skal skje gjennom støttande leiarskap, der mellomleiar (fagkoordinator) skal oppleve å bli sett av nærmaste leiar og at toppleiinga gjennom pedagogisk leiarteam er tilgjengeleg og gir støtte, rettleiing og respons.

Ørsta vidaregåande skule leverer godt på mange områder. Vi forankrar dei gode resultatane og bygger gode kulturar frå prestasjonane. Vi ser også våre svakheiter. Derfor har det frå fylkesstrategien for kvalitet, gjennom oppdragsavtalen til skulen, vorte tydeleg at vi i større grad må få elevmedverknad som element for å løfte skulen til endå betre resultat. Med ei audmjuk haldning er vi her for å skape det gode læringsmiljøet der alle elevar lærer å meistre liva sine gjennom aktivitet og utforsking.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no